
Saknr: 2019/11-26
Saksbehandlar Signe Gudveig Rauboti
Dato: 11.05.2020

Til: Valnemda
Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Oppnemning av kandidatar til styret i seks HFK Bussanlegg-selskap

Vestland fylkeskommune har ansvar for å velje eller føreslå medlemar til ein del eksterne organ, t.d. styret i ulike aksjeselskap. Sjå Vestland fylkeskommune sitt valregister for ei oversikt over gjennomførte val fram til no: <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/politikk/valregister-2019-2023.pdf>

For fylkeskommunen står det no m.a. att å føreslå medlemar til styret i seks bussanlegg-selskap. Sidan selskapa er heileigde av fylkeskommunen (fylkeskommunen eig hundre prosent av aksjane i morselskapet til fem bussanlegg-selskap), utgjer fylkesordføraren generalforsamlinga, som vel styra i selskapa.

Dei seks bussanlegg-selskapa er:
HFK Bussanlegg AS (morselskap)
HFK Bussanlegg Fana AS
HFK Bussanlegg Knarvik AS
HFK Bussanlegg Lonevåg AS
HFK Bussanlegg Mannsverk AS
HFK Bussanlegg Straume AS

I Hordaland fylkeskommune var det fylkesrådmannen som kom med framlegg på styremedlemer til desse selskapa. Styra vart såleis samansett av fagpersonar frå administrasjonen.

Fylkesrådmannen legg opp til å halde fram denne praksisen i Vestland fylkeskommune. Dersom fylkestinget er usamd i dette, kan tinget sjølvsgagt sjølv gjere vala, jf. pkt. 2.4.6. i reglementet for fylkestinget.

Kort om selskapa:

HFK Bussanlegg AS sitt føremål er direkte eller indirekte å eige bussanlegg i Hordaland for å tilrettelegge for konkurranseutsetting av kollektivtrafikken. Selskapet er av allmennyttig karakter og skal ikkje dele ut utbytte. Eigendelane i selskapet og ressursar genererte gjennom verksemda, skal brukast til selskapet sitt føremål.

Dei fem dotterselskapa har tilsvarande føremål, men indirekte eigarskap er ikkje nemnt som del av føremålet for desse.

Selskapa er altså primært reine tekniske innrettingar som leiger ut eigedom til operatørane.